

Med bakgrunn i meldingar eg fekk på informasjonsmøta vart det sendt følgjande brev til Dyrsku'n arrangement:

Forbetringsforslag før oppstart

Tysdag Onsdag Torsdag

- Utstillarar må få tydeleg melding om at all nødvendig «dokumentasjon» skal vera på plass før dei møter opp fyrste gangen. Adgangskort, handleddsbind, parkeringsløyve, køyreløyve.

Fredag Laurdag Sundag

- Barn som skal underhalda kjem gratis inn, mens dei som følgjar desse må betala. Dette blir alltid ein vanskeleg situasjon i inngangsporten.
- Aldri tilstrekkeleg toalettpapir ved Nordgarden. Ansvarleg for dette er vanskeleg å få tak i på telefon.
- Litt for lite med ein person på vaktinnsjekk om ettermiddag / kveld.
- Me veit at dei som stend i vakta på fredag, laurdag og sundag tek seg ein sving inne på området, mens dei som arbeidar på tysdag, onsdag og torsdag betalar inngangsbillett og parkering. Kan ikkje dugnadsarbeidarar få ein personleg gratis inngang.
- Dyrsku'n arrangement må stresse meir overfor utstillarar dette med å ha band og kort klar ved all passering av portane.
- Port Nordgarden. Ved utkøyring på sundag er det også mange som trugar seg inn denne porten for å henta utstyr på området. Dette skapar kaos og mykje frustrasjon både for vakter og utstillarar. Skal vegen få ei større bredde?

Konns kommentarar og forslag er teken på alvor av Dyrsku'n og me har fengje følgjande melding attende:

- Transporter som gjelder tysdag/onsdag/torsdag – her er opplegget stramma inn og instruksar vil bli gitt av vaktleiar ved oppmøte på morgon.
- Publikum (f. eks born som skal synge) som skal inn, bes gå til billettport for inngang.
- Det er Dyrsku'n som skal fylle på papir i toalett ved Nordgarden. Vi har i år sett på lag som kontinuerleg berre skal fylle på toalett- og tørkepapir rundt om på plassen. Ring Morten Dyrud på 951 06 333 på drift ved utfordringar.
- Vaktinnsjekk: Fint med konkrete kl. slett på ettermiddagen der det er utfordring. Minner om at det i år vil vera to raude buer til innsjekking – ikkje brakka. Plasseringa er som tidlegare.

- Dyrsku'n gjer alt me kan for å informere utstillarar i fleire omgangar gjennom året. Utfordrande å få dei til å lesa det me sender ut. Me er på saken



kontinuerleg

- Port Nordgarden søndag: Ja, og det er derfor viktig å ha stabile og myndige personar her som gjer jobben som vakt- og beredskapsleiar Nils Tore har informert om på møte søndag ettermiddag.
- Inngangsbillett for arbeid i veka/vekene før Dyrsku'n må me koma attende til i 2019. Dette gjeld ikkje berre Morgedal IL, men Seljord IL, Seljord Røde Kors og mange andre lag/org som riggar gjerder, telt, skilting osv. i forkant av arrangementet, men som er lønna arbeid.
- NB! Legg ved oppdatert instruks. Det er tilført nokre få moment som gjelder midlertidige køyreløyver til plassen – merka med gult. Desse vert dela ut av politipensjonistane som står i hovudgata. Fint om du distribuerar desse. Legg også ved digitale link til vertskapshandboka, som kan distribuerast på dykkar sider <http://bit.ly/Vertskapshåndbok2018>
- Skjerpinga rundt innkøyring vert gjort pga. beredskapsmessige omsyn. Dyrskuplassen er i vekene før arrangementet som ein anleggsplass å rekne, og uvedkomande har derfor ikkje tilgang.